

Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte:

Rom:

Møtte:

Klasse	FAU-representant	Kryss av
8a	Øyvind Bjørkhaug (2 år)	
8b	Ragna Stakland Svela (2 år)	X
8c	Silje Lune Randeberg (1 år)	X
8d	Linda Øvrebø (1 år)	
9a	Steinar Orre (1 år)	
9b	Hilde Grude (1 år)	X
9c	Andrea Bjørkavoll-Bergseth(2 år)	X
9d	Pål Pollestad (1 eller 2 år)	
10a	Hege Veronica Stokka	X
10b	Helge Sæland	X
10c	Magrete Torland	
10d	Ola Sotnakk	X

Fråvere: Øyvind, Linda, Steinar, Pål og Magrete

24/25-6	<i>Høyringsaker til SU-møte 7. november</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: <ul style="list-style-type: none">- Orientering ved rektor, gjennomgang av nytt skulereglement og permisjonsreglement.	
Kva blei bestemt: <ul style="list-style-type: none">- Rektor orienterte om endringar frå «ordensreglement» til «skulereglar», og synte fram ei samanstilling i ein tabell som viser endringane. FAU kom med kommentarar på desse endringane:<ul style="list-style-type: none">- Mobilhotell, inndra mobilen- Juks og konsekvensar- Snøballkasting- Reklame for rusmidlar- Er det dekt av norsk lov, treng det ikkje vere med i reglementet.- Gjennomgang av Forskrift om skulereglar.- §1 Formål Ingen kommentarar	

- §2 Verkeområde
Ingen kommentarar
- §3 Organisering av skuledemokratiet
Ingen kommentarar
- §4 Ordensreglement
Ingen kommentarar
- §5 Åtferdsreglement
Kommentar til mobiltelefon o.l.: ikkje bruk med mindre det er gjort avtale.
Kva blir konsekvensane ved brot?
Kommentar: Underpunkt bør vere kombinasjon av bokstavar og tal, no er det berre små bokstavar. Dette er uryddig og misvisande då det er fleire underpunkt med same bokstavar!
- §6 Tiltak ved brot på reglementet
Kommentar: på punkt b) Mellombels inndraging – er dette tillate?
Kunne tiltaka vore stilt opp kronologisk? Kanskje ikkje naudsynt.
- §7 Saksbehandlingsreglar ved regelbrot
Kommentar: ved usemje er det høve til å klage til skulen, går vidare til skulesjef og seinare Statsforvaltaren
- §8 Omsyn til elevens beste og rett til å bli høyrte
Ingen kommentarar
- §9 Mobilreglar
Kommentar: Skulen har høve til å ha mobilhotell
- §10 Melding av straffbare forhold
Ingen kommentarar
- §11 Fysisk inngripen
Ingen kommentarar
- §12 Informasjon
Ingen kommentarar
- §13 Ikraftsetjing
Ingen kommentarar
- **Gjennomgang av Forskrift om permisjon.**
- Ingen kommentarar til dette.

Kven tek ansvar:

Dette blir teke vidare til SU-møte og sendt inn som eige høyringsvar frå FAU.

24/25-7	<i>Vinterball</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none">- Komité på 3 personar. Komiteen delegerer elles andre oppgåver.- Komité bestiller mat. Elevrådsrepresentantar handlar inn og pyntar.- Pris: 100 kr som dekkjer mat og drikke (pizza og brus)- Godt å ha med lærarar/tilsette til å sjå gjennom kva elevane måtte ha med seg av ulovleg drikke og liknande.- Oppfordre elevrådet til å leggje opp til meir program.- Forslag om «Fotograferingsvegg».- Treng fleire vasstasjonar til elevane – dei blir tørste. Må vurderer korleis dette kan ordnast nå som automatane står på kvar sin base.	
Kva blei bestemt:	
<ul style="list-style-type: none">- Dato for vinterballet: 7. februar- Komité: Hilde Grude, Arild Vik og Linda Øvrebø. (Helge Sæland stiller til praktisk arbeid).- Møte med elevrådet før jul: Komité avtalar møte.- Rektor koplur på elevrådet.- Rektor sender ut «oppskrift» på vinterball til komiteen.	
Kven tek ansvar:	
<ul style="list-style-type: none">- Komiteen og rektor fylgjer opp	

24/25-8	<i>Eventuelt – Klassekasse</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none">- Har kome spørsmål om dette er praksis- Frivillig klassekasse, organisert på trinnet ved klassekontaktane- Kva med sosiale tiltak? Forslag om å lage ein plan til klassekontaktane, slik at ein veit om ein minimumsversjon av kva som bør vere med i eit årshjul.	
Kva blei bestemt:	
-	
Kven tek ansvar:	
<ul style="list-style-type: none">- Kuart trinn ordnar dette	

24/25-9	<i>Eventuelt – 10. klasseavslutning</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
<ul style="list-style-type: none">- Innspel om avslutningsfest, og diskusjon om korleis dette kan gjerast.	
Kva blei bestemt:	
<ul style="list-style-type: none">- 9. trinn kan servere- Viktig at det er høgtideleg- Sjå tilbake til korleis ein gjorde det før i tida (litt meir arbeid)- Dei siste åra har det vore litt «stusseleg» - dei fortener meir etter 10 år- Pris på 100 kr (?) eller medbrakt (alle tek med litt)- Klassevis eller heile trinnet i lag, eller ein kombinasjon.- Viktig å få vita kva elevane eigentleg ønskjer.	

- Rektor meiner det er fordeler slik det er nå, og at det er positive tilbakemeldingar også. Vidare er det nok fordeler og ulemper med begge formene.
- Ingenting vart bestemt eller vedteke, berre diskutert.

Kven tek ansvar:

- FAU må fylgje opp dette vidare
- Rektor lagar ei undersøkjing om dette

Neste møte	<i>15. januar 25 kl. 18</i>
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>
Vinterball	
10-klasseavslutning	